

**SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
62/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	13.06.2016
52/2016	Kommunestyret	PS	27.06.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA - K46	16/479

ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM HJORTEFORVALTNING MED OSTERØY KOMMUNE ETTER KOMMUNELOVA, § 28-1 b**Vedlegg:**

Framlegg avtale vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 28-1 b i Kommunelova, inngår Vaksdal kommune administrativt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridende bestandsplanområde for hjort.

Osterøy kommune vert vertskommune/administrasjonskommune i tråd med særskilt avtale og § 17, første ledd, i *Forskrift om hjorteforvaltning*, jf. saksutgreiinga. Med heimel i 28-1b i Kommunelova, medfører delegasjonen overføringa av mynde til Osterøy kommune for å utføre lovpålagte oppgåver og treffe avgjerd i enkeltsaker som ikke er av prinsipiell tyding. Ansvarsområda for overføringa går fram av § 17 i hjorteviltforskrifta.

Vertskommunesamarbeidet føreset samtykke og politisk vedtak frå Osterøy kommune i høve til kommunelova.

Samarbeidet byrjar frå og med 15.06.2016. Delegeringa av mynde frå Osterøy kommune, gjeld berre så lenge valda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområdet i samsvar med reglane i § 14 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, fell då attende til kommunen der valda høyrer heime.

Rådmannen i Vaksdal kommune inngår skriftleg avtale med rådmannen i Osterøy kommune i tråd med § 28-1 b i Kommunelova, etter at vertskommunesamarbeidet er vedteke politisk i kommunane.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 62/2016**FPØ - Behandling:**

Samråystes vedtak.

FPØ - Tiltråding:

I medhald av § 28-1 b i Kommunelova, inngår Vaksdal kommune administrativt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridande bestandsplanområde for hjort.

Osterøy kommune vert vertskommune/administrasjonskommune i tråd med særskilt avtale og § 17, første ledd, i *Forskrift om hjorteforvaltning*, jf. saksutgreiinga. Med heimel i 28-1b i Kommunelova, medfører delegasjonen overføringa av mynde til Osterøy kommune for å utføre lovpålagte oppgåver og treffe avgjerd i enkeltsaker som ikke er av prinsipiell tyding. Ansvarsområda for overføringa går fram av § 17 i hjorteviltforskrifta.

Vertskommunesamarbeidet føreset samtykke og politisk vedtak frå Osterøy kommune i høve til kommunelova.

Samarbeidet byrjar frå og med 15.06.2016. Delegeringa av mynde frå Osterøy kommune, gjeld berre så lenge valda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområdet i samsvar med reglane i § 14 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, fell då attende til kommunen der valda høyrer heime.

Rådmannen i Vaksdal kommune inngår skriftleg avtale med rådmannen i Osterøy kommune i tråd med § 28-1 b i Kommunelova, etter at vertskommunesamarbeidet er vedteke politisk i kommunane.

Kommunestyret - Sak 52/2016

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

I medhald av § 28-1 b i Kommunelova, inngår Vaksdal kommune administrativt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridande bestandsplanområde for hjort.

Osterøy kommune vert vertskommune/administrasjonskommune i tråd med særskilt avtale og § 17, første ledd, i *Forskrift om hjorteforvaltning*, jf. saksutgreiinga. Med heimel i 28-1b i Kommunelova, medfører delegasjonen overføringa av mynde til Osterøy kommune for å utføre lovpålagte oppgåver og treffe avgjerd i enkeltsaker som ikke er av prinsipiell tyding. Ansvarsområda for overføringa går fram av § 17 i hjorteviltforskrifta.

Vertskommunesamarbeidet føreset samtykke og politisk vedtak frå Osterøy kommune i høve til kommunelova.

Samarbeidet byrjar frå og med 15.06.2016. Delegeringa av mynde frå Osterøy kommune, gjeld berre så lenge valda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområdet i samsvar med reglane i § 14 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, fell då attende til kommunen der valda høyrer heime.

Rådmannen i Vaksdal kommune inngår skriftleg avtale med rådmannen i Osterøy kommune i tråd med § 28-1 b i Kommunelova, etter at vertskommunesamarbeidet er vedteke politisk i kommunane.

Saksopplysningar:

BAKGRUNN

Det er Viltlova med tilhøyrande forskrifter som dannar rammene for forvaltning av hjorteviltet. Ansvaret for godkjenning av vald, bestandsplanområde og bestandsplanar er lovpålagte oppgåver for kommunane, med påfølgjande utøving av mynde.

Hjortevald i Osterøy og Vaksdal kommunar har nyleg skipa Osterøy bestandsplanområde. Bestandsplanområdet sitt totale areal ved tilslutning frå alle valda, er 224 277 daa, der 184 137 daa ligg til valda på Osterøy og 40 140 daa ligg til valda i Vaksdal.

Dei valda som har tilslutta seg til bestandsplanområdet, har per 01.05.2016 eit samla areal på 54 395 daa. Av dette ligg 22 255 daa i Osterøy og 32 140 daa i Vaksdal. Fleire hjortevald på Osterøy, har uttrykt i interesse for å melde seg inn i 2017.

I følgje § 17 i hjorteviltforskrifta, ligg ansvaret for godkjenning av bestandplanområde og bestandsplanar som overskridar fleire kommunar, til den kommunen som har størst teljande areal innanfor planområdet, om ikkje anna er bestemt mellom kommunane. Den kommunen vert då «*vertskommune*» med administrativt ansvar, medan andre involverte kommunar vert «*samarbeidskommunar*». Alle kommunane er «*deltakarkommunar*».

Osterøy kommune har innan søknadsfristen 01.05.2016, motteke søknad om godkjenning av Osterøy bestandsplanområde, bestandsplanområda, med bestandsplan.

VERTSKOMMUNESAMARBEID

For at bestandsplanområde og bestandsplanar over kommunegrenser, skal kunne bli administrert og forvalta av berre ein kommune, må andre involverte kommunar gje sitt samtykke til dette gjennom Kommunelova, jf. kapittel 5 A om «Vertskommune».

Mange oppgåver i hjorteviltforvaltinga kan løyst gjennom eit slikt vertskommunesamarbeid. Dette opnar for samarbeid om lovpålagt oppgåver som inneber utøving av offentleg mynde.

I følgje Kommunal- og regionaldepartement si rettleiar, «*Vertskommunemodellen i kommuneloven § 28-1 b ffg.*», består eit administrativt kommunesamarbeidet av to, trinnvise prosessar:

- A. Avtale mellom aktuelle kommunar om vertskommunesamarbeid, vedteken av kommunestyra.
- B. Kvar deltakarkommune gjer eit eige vedtak i kommunestyret om kva som skal delegerast til vertskommunen. Dette skjer ved at kommunestyret i kvar «samarbeidskommune» gjev rådmannen instruks om å delegere mynde til å fatte enkeltvedtak innanfor delegerte ansvarsområde.

I følgje § 28-1 b i kommunelova, kan administrativt vertskommunesamarbeid berre nyttast for oppgåver som ikkje er av prinsipiell tyding.

Administrasjonen i både Osterøy og Vaksdal kommunar har førebudd saka om vertskommunesamarbeid til politisk handsaming i respektive kommunestyre, med samordning av framlegg til vedtak og likelydande samarbeidsavtale

Ytterlegare informasjon om vertskommunesamarbeid går fram av «*Introduksjonsheftet om formelt*

interkommunalt samarbeid», utgjeve av Kommunesektorens organisasjon

Vurdering:

Kommunane har i følgje § 18 i hjorteviltforskrifta ansvar for å tildele fellingsløyve til godkjende vald og bestandsplanområde innan 15. juni i kvart år. Dette tydar at innkomne søknadar om bestandsplanområde og bestandsplanar før 1. mai, må handsamast innan midten av juni. Noko som igjen føreset at formelt vertskommunesamarbeid, med administrasjonsansvar. samarbeidsavtale, er vedteke i deltakar-kommunane.

Samarbeidet om lovpålagte forvaltings- og administrasjonsoppåver innanfor hjorteviltforvaltinga, vert ikkje vurdert å vere av prinsipielle art. Samarbeidet kan såleis sjåast på som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 28-1 b i Kommunelova.

I følgje § 17 i Forskrift in forvalting av hjortevilt, § 17, kan kommunane avtale at andre enn den som har mest teljande areal, kan bli vertskommune. I dette høve vil det vere naturleg å avtale at Osterøy kommune vert vertskommune, med administrasjonsansvar, sjølv om valda i Vaksdal kommune har det største arealet etter skiping. Men valda i Osterøy representerer det klart største arealet når ein rekna med alle valda som ligg innafor planområdet, og det er forventa at fleire av desse valda vil melde seg inn frå neste år. Osterøy vil då få det største arealet. Rådmannen går difor inn for å vedtaksfesta og avtale at Osterøy kommune vert vertskapskommune.

Den kommunale viltforvaltinga har òg utarbeidd framlegg til samarbeidsavtale mellom deltakarkommunane. Rådmannen meiner at framlegget oppfyller krava i § 28-1 b. i kommunelova, med delegasjon av ansvar og mynde i høve til intensjonen og saksføremålet med avtalen.